

Saksbehandlar: Siri Espedal Vold, Tannhelsetenesta  
 Sak nr.: 16/5415-44

## **Retningslinjer for dekking av skyssutgifter for følgje til pasientar i aldersgruppa 12–14 år i den offentlege tannhelsetenesta i Sogn og Fjordane fylkeskommune**

### **Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:**

Fylkesutvalet endrar §9 i forskrifta for dekking av skyssutgifter for pasientar i den offentlege tannhelsetenesta i Sogn og Fjordane til følgjande ordlyd:

«Reiseutgifter for følgje til born mellom 12 og 14 år kan verte dekka dersom særlege omstende, til dømes ekstra lang reiseveg, tilseier det. Ekstra lang reiseveg vil seie reiseveg over ein time per veg (og/eller 50 km) frå skule til tannklinikk.»

### Vedlegg:

1. Fylkesrådmannen sitt saksframlegg i FT-sak 46/16 «Endring i forskrift for dekking av skyssutgifter for pasientar i den offentlege tannhelsetenesta i Sogn og Fjordane»

---

## **SAKSFRAMSTILLING**

### **1. Samandrag**

6. desember 2016 vedtok fylkestinget endring i forskrift for dekking av skyssutgifter for pasientar i den offentlege tannhelsetenesta i Sogn og Fjordane. FT gjorde slikt samla vedtak:

§1	Forskrifta er gitt av Sogn og Fjordane fylkeskommune og er heimla i lov om tannhelsetenester §5-1, tredje ledd.
§2	Dekking av skyssutgifter for pasientar i den offentlege tannhelsetenesta gjeld berre dersom pasienten ikkje får dekka reisa på anna måte.
§3	Tannhelsetenesta i Sogn og Fjordane dekkjer skyssutgifter for prioritert klientell i gruppe A (barn og ungdom frå fødsel til og med det året dei fyller 18 år), gruppe B (psykisk utviklingshemma i og utanfor institusjon) og gruppe C2 (eldre, langtidssjuka og uføre med kommunal heimesjukepleie) jf. Lov om tannhelsetenesta. Ordninga inngår ikkje i frikortordningar, og alle søknader om skyssrefusjon skal handsamast av den offentlege tannhelsetenesta.
§4	Det er den rimelegaste reisemåten (buss, båt) som vert dekka. Bil kan nyttast dersom

	helsetilstanden til pasienten eller rutetider for offentlig transport tilseier at dette er mest hensiktsmessig.
§5	Pasienten/ føresette må sjølv betale reisekostandane og få refundert desse i etterkant.
§6	Eigenandelen på kr. 1000,- er per kalenderår.
§7	Ved bruk av privat bil vil taksten pr. km følgje Helsenorge.no sin standardsats for transport, fastsatt årleg av Stortinget.
§8	Overnatting vert ikkje dekkja.
§9	Reiseutgifter for følgje til barn mellom 12 og 14 år kan verte dekkja dersom særlege omstende, til dømes ekstra lang reiseveg, tilseier det. Det skal utarbeidast retningsliner for dette. Fylkesutvalet får fullmakt til å godkjenne retningslinene.
§10	Tapt arbeidsforteneste for følgje vert ikkje dekkja.
§11	Søknad om dekking av reiseutgifter må vere innsendt innan utgangen av året.
§12	Fylkesutvalet er klageinstans.
§13	Forskrifta tek til å gjelde frå 1. januar 2017.

Jf. § 9 over. Denne saka følgjer opp det punktet.

Fylkesrådmannen har no utarbeidd eit nytt framlegg til ordlyd i §9 i forskrifta, med slik ordlyd:

«Reiseutgifter for følgje til barn mellom 12 og 14 år kan verte dekkja dersom særlege omstende, til dømes ekstra lang reiseveg, tilseier det. Ekstra lang reiseveg vil seie reiseveg over ein time per veg (og/eller 50 km), frå skule til tannklinikk.»

## **2. Bakgrunn for saka**

Bakgrunnen for aka ligg i vedtaket i FT-sak 46/16, pkt. 9.

Fylkestinget har nyleg revidert forskrifta for dekking av skyssutgifter for pasientar i den offentlege tannhelsetenesta. Ordninga skal innrettast slik at ho kjem pasientane som må reise oftast og lengst til gode. Ei anna grunngeving for revideringa av forskrifta er at fylkeskommunen samla sett arbeider for å kome krevjande innsparingskrav og eit nytt inntektssystem i møte.

## **3. Vurderingar og konsekvensar**

Forslag til retningsliner for dekking av skyssutgifter for følgje til pasientar i DOT SFJ mellom 12 og 14 år:

Ekstra lang reiseveg vil seie reiseveg over ein time per veg (og/eller 50 km), frå skule til tannklinikk.

Med utgangspunkt i vedlegg 4 i saka «SFJ 2019 Tannhelseutgreiinga Fase II – ein framtidsretta klinikk- og tenestestruktur», der ein har rekna ut reiseavstandar mellom skular og tannklinikkar i ein framtidig klinikkstruktur, kjem ein fram til følgjande område som dette kan vere aktuelt for:

Elevar ved:	Reiseveg mellom skule og tannklinikk:
Ytre Stad skule	74,5 km/1 t 15 min til Måløy tannklinikk
Kalvåg oppvekst	43,7 km/1 t 21 min inkl. ferje til Måløy tannklinikk
Bulandet skule	31,5 km/ 1t 33 min inkl. ferje til Askvoll tannklinikk
Bjordal skule	85,2 km/1 t 50 min inkl. ferje til Høyanger tannklinikk
Hyllestad skule	62,6 km/ 1t 4 min til Askvoll tannklinikk
Guddal skule	49,6km/ 49 min til Askvoll tannklinikk
Våge skule	47,3km/ 47min til Askvoll tannklinikk

I Strategisk handlingsplan for den offentlege tannhelsetenesta i Sogn og Fjordane er det lagt til grunn at akseptabel reisetid mellom skule/heim/arbeid og tannklinikken er ein time kvar veg (og/eller 50 km). Det er her gått utifrå skulekrets når ein reknar ut reiseavstand til tannklinikken.

For skuleungdom er det definert ei akseptabel reisetid kvar veg til og frå skulen på 45 min.

#### **4. Konklusjon**

Fylkesrådmannen legg stor vekt på at ordninga skal innrettast slik at ho kjem pasientane som må reise oftast og lengst til gode. Dekking av skyssutgifter for følgje til pasientar mellom 12 og 14 år i den offentlege tannhelsetenesta i Sogn og Fjordane med ekstra lang reiseveg, er eit tiltak for å nå denne målsettinga. Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å endre §9 i forskrifta for dekking av skyssutgifter for pasientar i den offentlege tannhelsetenesta i Sogn og Fjordane til følgjande ordlyd:

«§9. Reiseutgifter for følgje til born mellom 12 og 14 år kan verte dekkja dersom særlege omstende, til dømes ekstra lang reiseveg, tilseier det. Ekstra lang reiseveg vil seie reiseveg over ein time per veg (og/eller 50 km) frå skule til tannklinikk.»